

Leiar

Eit spennande nytt år

2016 blir eit spennande år i vårt distrikt. At me bøheringar møter eit nytt år med forventning er eigentleg verken uvanleg eller nytt. I ei bygd med så mykje satsing og positiv utvikling på alle frontar er det umuleg å ikkje undre seg over kva som nå kjem av nyetableringar, strukturforandringar, folkevekst og byggjeaktivitet. Det skjer rett og slett noko på alle kantar – nesten heile tida. Det meste er av positiv karakter, men der er også krevjande utfordringar, mange av dei også resultat og ringverknader av den positive spiralen som Bø er inne i.

Høgskulen står framfor eit krevjande år. Ved nyttår blir det som har vore Høgskulen i Telemark og Høgskulen i Buskerud og Vestfold til Høgskulen i Sørøst-Noreg. Studiestad Bø blir med det ein del av landets nest største statlege høgskule, kanskje også med universitetsstatus etter kvart. Det tar tid med samanslåingar av store institusjonar, så dei tilsette har ein prosess framfor seg. Me får håpe at alt ordnar seg greitt og at verken det faglege eller det gode studentmiljøet blir forringa av samanslåinga.

Kommunesamanslåing er ei anna stor strukturendring som også i 2016 vil skape blest og merksemd i Bø og nabokommunane våre. I det nye året skal politikarane i Bø, Sauherad og Nome lage intensjonsavtale for ein ny Midt-Telemark-kommune, det skal vere folkeavstemming, samt vedtak om det i det heile blir eit slikt samarbeid i vår region. Me håpar på ei god avtale som gjer alle så fornøgde at eit eventuelt samarbeid blir tufta på tanken om å bli sterke saman.

“I ei bygd med så mykje satsing og positiv utvikling på alle frontar er det umuleg å ikkje undre seg over kva som nå kjem av nyetableringar, strukturforandringar, folkevekst og byggjeaktivitet.”

Fortsatt byggjeverksemd og folkevekst er det liten tvil om at det blir også i 2016. Prognosane viser at stadig fleire vil til Bø, og her ligg fleire fine bustadfelt klare til å ta imot nye innbyggjarar. Byggjeplanar ligg også klare for fleire prosjekt i sentrum og spaden er alt satt i jorda på andre. Me håpar det går godt for dei som byggjer og utviklar bygda, og at det blir fint å bu her for dei som flyttar hit.

Det blir også spennande å sjå korleis det går med den gode trenden i økonomiutviklinga i Bø kommune. Ut av Robek-lista er målet. Me ønskjer lykke til og håpar at dei ulike einingane i administrasjonen tek tak og følgjer opp budsjettplanane til politikarane slik at ein kan oppnå kommunens mål.

Med framoverlent og optimistisk haldning ønskjer me dessutan alle bøheringar eit riktig godt og spennande nytt år!


Hilde Eika Nesje
Ansvarleg redaktør

Eit medmenne

– Kven har ikkje sett henne gå eller sykle, stadig på farten for å glede, trøyste og hjelpe sine medmenneske. Ho er god, omtenkjam og lyttande. Prisen skulle Gunhild Torstveit ha fått for mange år sidan.

Marta Kjøllesdal
marta@bobladd.no – tlf 976 88 692

Det skriv Gunnvor Bråten Berge som foreslo Gunhild Torstveit som kandidat til Årets bøhering.

Gunhild er kjend for at ho bakar og plukkar tyttebær som ho set på trappa til folk som kanskje treng ei oppmuntring. Eller så bakar ho bollar som ho gir til barnekoret under øving, slik som forslagsstillaren har opplevd. Det er rett nok nokre år sidan Gunnvor Bråten Berge opplevde det, men ho høyrer at nye generasjonar opplever det same.

– Ho gløymer ikkje folk. Ho har venner frå åtte til 100 år, seier Bråten Berge.

– Ein veit at ein får hjelp av Gunhild, men ho er ikkje synleg, legg ho til.

Fleire har foreslått Torstveit tidlegare år òg. Sølv vil ho ikkje ha noko prat om det.

Oppvaksten i Åsgrend

– Eg spurde Hilde (Eika Nesje, redaktør, r.m.) om eg kunne nekte å ta imot prisen. Nei, sa ho, fortel Gunhild.

Kanskje er hjelpsomheita noko ho har med seg frå barndommen. Torstveit er oppvaksten som eldst i ein stor syskenflokk i Åsgrend i Seljord. Faren var ikkje heilt frisk og ho måtte hjelpe til.

– Eg sa det med mannen min, Halvor, at dersom eg er bortskjemt så var det han som hadde gjort meg til det, ler Torstveit.

Til Bø kom ho som husmorvikar. Ho og Halvor gifta seg i

1966 og dei budde 29 år på Torstveit. Då tok dottera og mannen over gardshuset. Gunhild og Halvor kjøpte garden Langedal på Seljordsheia saman med den andre dottera, Marit. Der vart dei buande i ti år, fire av dei budde Gunhild der åleine.

Sol på juleftan

– På Langedal var det solskin på juleftan, akkurat som heime i Åsgrend. Om det var klårt og fint var det sol der i fire og ein halv time. Eg har aldri vore redd i skogen, seier Torstveit.

Om vinteren kunne det vere glatt, det var litt bratt veg.

– Då strødde eg vegen med oske, fortel ho.

Torstveit likar å klare seg sjølv og ikkje plage andre. Å sjå løysingane og ikkje berre problema og gjere det beste ut av ting.

– Eg er heldig og audmjuk som har god helse. Det betyr mykje, seier ho.

Mange fine gleder

Torstveit er glad i skogen og går mykje tur.

– Eg har hatt mange fine og nyttige turar i skog og mark i sommar, fortel Gunhild.

Ho plukkar bær og startar med bringebær. Dei finn ho to minutt heimanfrå. Siste bærturen var ho på 17. oktober.

– Det var ei fin oppleving. Det var rim i dumpane. Eg finn mange slike gleder. Det var forresten nettopp eit par dompapar på fugebrettet, fortel Gunhild.

– Det er ikkje så mange som før som får glede av bæra eg plukkar, mange er komne på institusjon no, men nokre er det framleis, seier ho tankefull.

– Eg går ikkje for å setje rekord. Eg går frå huset og opp i Breisås, så ber eg bæra tilbake, det er god trim. Ein treng ikkje helsestudio då, meiner Torstveit.

Oppfyller alle krav

– Du oppfyller alle statuttane for



å få prisen Årets bøhering. Det er ikkje nødvendigvis dei som er mest i avisa som skal ha prisen, men gjerne også dei som gjer ein innsats i det stille.

Det sa styreleiar i Bø blad, Eivind Eckbo, då han delte ut prisen på vegner av styret i Bø blad.



30. årgang. Skipa 1986.


Godkjent opplag i 2014: 2622
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:
Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.


www.bobladd.no
pdf versjon: buyandread.com

 **Redaktør/dagleg leiar:**
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@bobladd.no


 **Journalist:**
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@bobladd.no

 **Journalist:**
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@bobladd.no

 **Journalist:**
Gro B. Røiland
930 22 398
gro@bobladd.no

 **Salsansvarleg:**
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@bobladd.no

 **Grafikar/annonsar:**
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@bobladd.no

 **Avismedarbeidar:**
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonsar@bobladd.no

Frilansarar:
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:
Halvår kr 550,- heilår kr 890,-
Studentab. kr 550,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@bobladd.no

Annonsefrist:
Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

 Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55